

Berts dagbok

Død over den som tjuvles denne dagboka.

Må han brenne i helveteselden.

I all æve ... eller i alle fall ei lita stund.

14. januar

Det er forbode for gutar å skrive dagbok. Det er berre jenter som gjer det. Dagboka mi er blå. Eg har teikna hovudskalle på framsida.

Namnet mitt er hemmeleg. Eg har det styggaste namnet i verda. Det begynner på B og sluttar på T. Det rimar på ei kroppslukt.

Frøken seier at vi skal lese bøker. Då blir vi smarte. Desse bøkene har eg lese:

Fantom-pocket nr. 2

Karlson på taket

Kåbbåj-Kurt

Kåbbåj-Kurt gjeld nok ikkje. Den har eg skrive sjølv.

Kvar veke må vi låne bøker på biblioteket. Eg plar ta nokre bøker, kva som helst. Eg les dei aldri. Men ein må jo låne.

Eg har enno ikkje avslørt kor gammal eg er. Det er halvt hemmeleg. Men eg er ikkje femtitre eller syttiåtte. Eg er tjue, nesten. Deretter tek ein bort halvparten av tjue og legg til eitt. Då veit du det, dagbok.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 77.

Gjer oppgåvene 1, 2, 5, 6 og 7.